



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 31.03.2017

Vår ref.: 2017/1618

Arkivnr.: 562

Norges vassdrags- og energidirektorat,
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Fråsegn til høyring av søknad om konsesjon til bygging av Øvre og Nedre Lanes kraftverk, Bjerkreim kommune

Fylkesmannen frarår bygging av Nedre Lanes kraftverk på bakgrunn av vassdraget sin status som nasjonalt laksevassdrag. Vårt syn er at det ikkje skal opnast for ny kraftproduksjon på anadrom strekning i nasjonale laksevassdrag.

Fylkesmannen vurderer at tiltaka i Øvre Lanes kraftverk samla sett er i konflikt med vernegrunnlaget til Bjerkreimsvassdraget. Vurderingane knytt til landskap og friluftsliv er svake, og Fylkesmannen frarår bygging av Øvre Lanes kraftverk på bakgrunn av mangelfull utgreiing av dei landskapsmessige konfliktane knytt til det verna Bjerkreimsvassdraget.

Vi viser til høyringsbrev av 03.02.2017, om søknader til bygging av Øvre og Nedre Lanes kraftverk i Storåna i Bjerkreimsvassdraget, Bjerkreim kommune.

Bakgrunn

Småkraft AS har i søknad til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 16.01.2017, søkt om løyve til bygging av Øvre og Nedre Lanes Kraftverk i Bjerkreim kommune i Rogaland. Planlagt utnytta strekning er mellom Espeland og Roaldsvatnet i Bjerkreim kommune. NVE har sendt søknadene på høyring, og ønskjer eventuelle fråsegn innan 31.03.2017, jf. høyringsbrev av 03.02.2017. NVE skal handsame søknadene etter vassressurslova § 8 (konsesjonsvurdering). Fylkesmannen i Rogaland er høyringspart med miljø som ansvarsområde.

Beskriving av tiltaka

Tabell 1: Naturgrunnlag og tekniske parametrar for dei to småkraftverka:

Kraftverk	Middel-vassføring (m ³ /s)	Minste-vassføring (m ³ /s)	Lengde på påverka elvestrekning (m)	Installert effekt, maks (MW)	Maks slukeevne (m ³ /s)	Produksjon, årleg middel (GWh)
Øvre Lanes Alt. 1/Alt. 2	6,85 / 6,85	S: 0,52/0,52 V:0,64/0,64	450 / 450	3,0 / 1,1	9,7 / 3,6	14,1 / 7,7
Nedre Lanes Alt. 1/Alt. 2	7,21 / 7,21	S: 0,53/0,55 V:0,67/0,55	450 / 450	3,0 / 1,1	10,6 / 3,6	13,8 / 7,7

Øvre Lanes

Øvre Lanes kraftverk vil nytte eit fall på 38 meter i Storåna mellom kote 265 og kote 227. Vassvegen på 480 meter skal gravast ned, og det er behov for å forlenge eksisterande traktorveg med ca. 150 meter ny veg som tilkomst til inntaket. Eksisterande traktorveggar må òg rustast noko opp for å fungere som tilkomst til inntaket og kraftstasjonen. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 450 m lang strekning i Storåna. Planlagt slepp av minstevassføring er 520 l/s om sommaren og 640 l/s om vinteren. Sjå tabell 1 for naturgrunnlag og tekniske parametrar.

Nedre Lanes

Nedre Lanes kraftverk vil nytte eit fall på 34 meter i Storåna mellom kote 224 og kote 190. Vassvegen på 300 meter skal gravast ned, og det er behov for å forlenga eksisterande traktorveg med ca. 20 meter ny veg som tilkomst til inntaket og ca. 50 meter til kraftstasjonen. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 400 m lang strekning i Storåna. Planlagt slepp av minstevassføring er 530 l/s om sommaren og 670 l/s om vinteren etter alternativ 1. Etter alternativ 2 er det planlagt å sleppe ei minstevassføring på 550 l/s heile året. Sjå tabell 1 for naturgrunnlag og tekniske parametrar.

Bjerkreimsvassdraget

Bjerkreimsvassdraget er eit verna vassdrag, og vart verna i 2005 som supplering av Verneplan IV.

Vernegrunnlag:

«Anbefalt typevassdrag og delvis referansevassdrag. Størrelse og beliggenhet sørvest i Norge. Vassdraget er en viktig del av et variert og særpreget landskap styrt av berggrunnstruktur og løsmasser. Stort naturmangfold knyttet til elveløp, geomorfologi, botanikk, landfauna og vannfauna. Store kulturverdier. Friluftsliv er viktig bruk».

Om lag 7 km ovanfor plasseringa av Øvre og Nedre Lanes kraftverk ligg Maudal kraftverk. Kraftverket vart bygd i 1930, og er eigd av Lyse Produksjon AS. Gjennomsnittleg årleg produksjon ligg på 97 GWh. Etter siste utviding i 1949, har kraftverket ei slukeevne på om lag 10 m³/s og ein installert effekt på totalt 25,5 MW. Ved vern av Bjerkreimsvassdraget i 2005 vart det vedtatt ei særføresegn som opnar for bygging av kraftverk på inntil 3 MW installert effekt. Føresetnaden er at eventuelle utbyggingar ikkje skal svekke verneverdiane i vassdraget, jf. vassressurslova § 35. Omsyn til verneverdiane skal leggjast vesentleg vekt på i sakshandsaming av tiltak i verna vassdrag.

Bjerkreimsvassdraget er òg eit nasjonalt laksevassdrag. Laksen er her sikra eit særleg vern mot skadelege inngrep, jf. lakse- og innlandsfisklova § 7a. Staten ved Miljødirektoratet og Fylkesmannen har i samarbeid med kommunen gjennomført omfattande kalkingsarbeid for å betre

tilhøva for laksen og anna liv i vassdraget. Kalkingsstrategien er ein kombinasjon av innsjøkalking og dosererkalking. Kalkinga begynte så smått på 1980-talet med enkelte innsjøar, medan ei fullkalking av vassdraget starta på midten av 1990-talet.

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen har vurdert dei to prosjekta i høve til allmenne interesser, herunder biologisk mangfald, landskap og friluftsliv.

Biologisk mangfald

Raudlista artar

Temarapportane som omhandlar biologisk mangfald er utarbeidd av Faun Naturforvaltning AS. Begge rapportane konkluderer med at det ikkje er påvist raudlista artar innanfor influensområdet, men at ein basert på tidlegare registreringar må gå ut i frå at den raudlista ålen finst i Storåna.

Fylkesmannen er kjent med at den raudlista hubroen med stort sannsyn hekkar i nær tilknytning til tiltaksområdet. Hubroen er registrert som sterkt trua (EN) i norsk raudliste for artar frå 2015. Arten er var for forstyrning i hekketida, og må tas omsyn til i vidare sakshandsaming.

Verknader for akvatisk miljø

Småkraft AS skriv i sin konsesjonssøknad som omhandlar Nedre Lanes kraftverk at kraftverket er ovanfor anadrom strekning ,og det vil derfor ikkje ha negative konsekvensar for laksen. Faun Naturforvaltning AS gjennomførte 8. november 2015 ei enkel elfiskeundersøking, jf. notat datert 10.11.2015. I notatet skriv dei at kraftutbygginga vil føre til redusert vassføring over ei strekning på 400 m, derav om lag 100 m anadrom strekning. Det vart fanga godt med aure på strekninga, og tettleiken vart vurdert som «rimeleg god». Det vart ikkje registrert laks, men dei påpeiker i notatet at dei på grunn av vassføringa berre elfiska over ei bredde på 0,5-1 m, og difor ikkje kan utelukka at det finst laks på strekninga.

Kraftverka er plassert i eit verna og nasjonalt laksevassdrag. Etter vårt syn skal ein ikkje opne for ny kraftproduksjon på anadrom strekning i nasjonale laksevassdrag. Ei enkel elfiskeundersøking er etter Fylkesmannens vurdering eit for dårleg kunnskapsgrunnlag til å kunne ta ei vurdering av om tiltaket vil ha vesentlege verknader for elva si betydning som gyte- og oppvekstområde for laksefisk, jf. naturmangfaldlova (nml.) § 8. Etter vår vurdering må ein gjennomføre ei fullstendig habitatkartlegging av heile strekninga frå elva sitt utlaup i Espelandsflæet og opp til naturleg vandringshinder for å få eit heilskapleg bilete av tilgang på gyte- og oppvekstområde og plasseringa av desse viktige økologiske funksjonsområda, jf. lakse- og innlandsfiskelova § 7 første ledd.

Det er registrert at fossekallen nyttar området hyppig. Arten er avhengig av vasslevande insekt, og vil i så måte bli negativt påverka i høve til innskrenka næringssøksområde som følge av mindre vatn over ei strekning på 400 m, samt at arten kan bli negativt påverka av sein issmelting om våren på grunn av lågare vassføring.

Av føre-var omsyn må ein ta høgde for at den raudlista ålen finst i elva, og legge vekt på arten i vidare sakshandsaming, jf. nml. § 9. Det er kjent at ålen har problem med å passere kraftverkinntak på vandringa mot sjøen. Dersom NVE vel å gi konsesjon, må det leggjast spesielt til rette for at ålen kan passere kraftverket, jf. nml. § 12, miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Landskap og friluftsliv

Tiltaksområdet inngår i landskapsregion 18, Heibygdene Dalane og Jæren. Landskapet er kupert, med bergkollar og dalar. Vatn og vassdrag er viktige element i landskapet, og elvar og fossar er viktige opplevingsverdiar for allmenta. Verdiar som omhandlar m.a. landskap, vassdrag og friluftsliv er vist til i vernegrunnlaget då Bjerkreimsvassdraget vart verna i 2005: «*Vassdraget er en viktig del av et variert og særpreget landskap styrt av berggrunnstruktur og løsmasser. Stort naturmangfold knyttet til elveløp, geomorfologi, botanikk, landfauna og vannfauna. Store kulturverdier. Friluftsliv er viktig bruk.*».

Søklar skriv i søknad om konsesjon til Øvre Lanes kraftverk at landskapet ikkje er sett til spesielt verdifullt. Faun Naturforvaltning AS skriv i sin rapport frå 2012 som omhandlar Øvre Lanes kraftverk og verknader på biologisk mangfald at verdiane som er omfatta av vassdragsvernet ikkje blir forringa av utbygginga. Dei grunnjev dette med at Maudalsåna allereie var utbygd då vassdraget vart verna. Ut over dette er ikkje tiltaka sine verknader på landskap og friluftsliv utgreia i særleg grad.

Eventuelle inngrep i verna vassdrag skal vurderast opp i mot føremålet med vernet. Fossen er eit viktig element i landskapet, og har stor opplevingsverdi. Dette vil forringast dersom elva her blir nytta til kraftproduksjon. Inntaksdammar, veger og kraftstasjonar vil òg vere synlege inngrep i landskapet. Verdiane knytt til landskap og friluftsliv er ikkje tilstrekkeleg gjort greie for og vurdert til å kunne konkludere endeleg. Tiltaket er etter Fylkesmannen si vurdering i konflikt med verneinteressene.

Sjølv om konsekvensane av ei enkeltutbygging er vurdert som små, kan dei samla negative konsekvensane vere store. Over tid vil summen av mange små inngrep kunne få utilsikta og negative effektar i nedbørfeltet eller eit geografisk område, verknader som kan vere i strid med verneføremålet. Etter vår vurdering må det leggst vekt på såkalla sumeffektar i vurdering av konsesjonssaker. I vassdrag som allereie er påverka av utbygging må dette ligge til grunn ved handlinga av konsesjonen. Med utgangspunkt i eksisterande og planlagde kraftutbyggingar bør man vere restriktiv med kva ein gir løyve til av vidare inngrep i det verna Bjerkreimsvassdraget, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning.

Konklusjon

Fylkesmannen frarår bygging av Nedre Lanes kraftverk på bakgrunn av vassdraget sin status som nasjonalt laksevassdrag. Fylkesmannen sitt syn er at det ikkje skal opnast for ny kraftproduksjon på anadrom strekning i nasjonale laksevassdrag.

Fylkesmannen vurderer at tiltaka i Øvre Lanes kraftverk samla sett er i konflikt med vernegrunnlaget til Bjerkreimsvassdraget. Vurderingar knytt til landskap og friluftsliv er svake, og Fylkesmannen frarår bygging av Øvre Lanes kraftverk på bakgrunn av mangelfull utgreiing av dei landskapsmessige konfliktane knytt til det verna Bjerkreimsvassdraget.

Med helsing

Erik Cockbain
ass. fylkesmiljøvernssjef

Annette Fosså
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Annette Fosså
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 20
E-post: fmroafo@fylkesmannen.no

Kopi til:

Bjerkreimsvassdraget fellesforvaltning	Gjedrem 81	4387	Bjerkreim
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger